

Lag og organisasjonar som nyttar skulebygg

Skulen kan vere ein viktig sosial arena i nærområdet og fungere som møteplass for barn, familiar, lag og organisasjonar. På denne måten kan skulane utgjere ein viktig del av infrastrukturen i lokalmiljøa og dermed vere viktige for bulyst og trivsel.

For å synleggjere korleis skulebygga blir nytta som sosiale arenaer av barn, familiar, lag, organisasjonar og nærmiljøet generelt, har ein bedt kulturavdelinga og grendalaga om informasjon og oversikt over aktivitetane som blir gjennomført i skulebygga våre.

Dei skulebygga der ein samarbeider med lag og organisasjonar i dag er Ulstein skule, Hasund skule, Haddal skule og Ulsteinvik barneskule.

1 Ulstein skule

Nedanfor går det fram ei oversikt over dei ulike aktivitetane som finn stad i gymsalen ved Ulstein skule:

Våren 2025

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1700		Link		Link	Island	Utleige	FAU
1730		v/ Jeevitha		v/ Jeevitha	Offshore	FAU	.
1800		.		.	Flø IL	.	Fotball
1830	
1900	Flø IL	Island		Island	.	.	.
1930	.	Offshore	Old Boys	Offshore		.	
2000	.	.	Skeide	BUK		.	
2030	Treningstid	Politiet	.	.		.	
2100	Fotball	.		.		.	
2130-2145	

- Link v/ Jeevitha: har treningstider tysdagar og onsdagar frå kl. 17:00 til 19:00.
- Flø IL: Har treningstider måndagar (19:00 -20:30) og fredag (19:00 til 20:00).
- Island Offshore: Har treningstider tysdagar (19:00-20:30), torsdagar (19:00-20:00) og fredagar (17:00 – 18:00).
- Old Boys Skeide : Har treningstid onsdagar frå kl. 19:30 til 21:00.
- BUK (Bedriftsidrettslaget i Ulstein kommune): Torsdagar frå kl. 20:00 til 21:45.
- Politiet: Har treningstid tysdagar frå kl. 20:30 til 21:45.
- Fotballtreningar på måndagar (20:30 til 21:45) og søndagar (18:00 – 19:30).
- Utleige/FAU: møter og aktivitetar laurdagar og Søndagar

Aktivitetane for våren 2025 viser at Ulstein skule blir nytta i fleire aktivitetar (spesielt for eldre/vaksne) som fremmar fysisk helse og sosialt samvær. I tillegg vert lokala nytta til blant anna julegrantenning, 17.mai fest, barneselskap og andre selskap.

2 Haddal Skule

2.1 Haddal grendalag

Leiar i Haddal grendalag har oversendt informasjon i høve aktivitetar på Haddal grendahus som Grendalaget «styrer»:

«Sender over informasjon om aktivitetar som føregår på Grendehuset utanfor skuletid, i løpet av eit år, litt vanskeleg å sette nøyaktige tidspunkt på desse, men vi har sjekka opp fleire år, og dette oppsettet skal vere rimeleg rett i forhold til aktivitet pr. måned.

Dette bygget (Haddal skule) er Haddal sitt Grendehus, med eigne toalett, kjøkken, kjølerom, fleire lagerrom, i tillegg til gangar, toalett og undervisningsrom som vi har felles med skulen.

Grendelaget eig eit lydanlegg som skulen får nytte fritt i skuletida.»

Månad	Aktivitetar
Januar/Februar	Barneselskap Voksenfotball innetrening i gymsalen 1 gang i veka
Mars	Barneselskap Voksenfotball innetrening i gymsalen 1 gang i veka Styremøte/Årsmøte i lag og organisasjonar: <ul style="list-style-type: none">• Haddal Grendelag• Haddal Musikkorps• Haddal Sanitetsforening• Haddal Båteigarlag• Løset Hytteforeining• Haddal Danseklubb• Ringstaddalen Hjortevald Voksenselskap
April	Barneselskap Voksenselskap Voksenfotball innetrening i gymsalen 1 gang i veka Styremøte i lag og organisasjonar Musikkafe, Haddal Skulekorps
Mai	Røde Kors helg Konfirmasjonar Haddal Grendehus/Grendelag, dugnad, 17.mai feiring
Juni	Basar Sanitetsforeininga, Bryllaup
Juli/August	Bryllaup
September	Konfirmasjon, Barnedåp, Styremøte i lag og organisasjonar, Haustmesse, Haddal Musikkorps
Oktober	Voksenfotball innetrening i gymsalen 1 gang i veka, Voksenselskap,

	<i>Danseklubben arrangerer haustdans, Halloweenfeiring for barn</i>
November	<i>Voksenfotball innetrening i gymsalen 1 gang i veka, Marknad, Haddal IL, Barneselskap, Voksenselskap, Styremøte i lag av organisasjonar</i>
Desember	<i>Voksenfotball innetrening i gymsalen 1 gang i veka, Barneselskap, Voksenselskap, Juletreffest, Danseklubben arrangerer romjulsdans</i>

Som det går fram av oversiktene er det gjennom året er det mange aktivitetar på grendahuset for både barn og vaksne. For barna blir huset nytta til barneselskap og spesielle arrangement som Halloween-feiring og juletreffest. Vaksne kan delta på voksenfotballtrening i gymsalen ein gong i veka, og det er fleire voksenselskap og dansekveidar arrangert av danseklubben.

Fleire lokale organisasjonar gjennomfører sine styremøte og årsmøte på grendahuset . Det blir også arrangert musikkafé, basar og marknad, i tillegg til dugnader og andre frivillige aktivitetar. Grendahuset blir også nytta som lokale for konfirmasjonar, bryllaup og 17. mai-feiring.

2.2 Haddal Musikkorps

Leiar i Haddal musikkorps har oversendt informasjon i høve aktivitetar på Haddal grendahus:

Korpset nyttar eit rom i tilknytning til scena, der dei har lager til diverse utstyr. Her er oversikt korps og kulturskulen:

<i>Aktivitet</i>	<i>Tidspunkt</i>
<i>Kulturskulen</i>	<i>Mandag 12.55-15.45 Onsdag 12.25-14.10 Torsdag 13.35-17.50</i>
<i>Haddal musikkorps</i>	<i>Mandag 17.30-19.30 Torsdag 15.00-18.00 2 øvingshelger pr år 2 musikkafeer pr år Haustmesse Adventskafe</i>

Haddal musikkorps og kulturskulen nyttar grendahuset til ulike aktivitetar. Kulturskulen har undervisning tre dagar i veka: måndag, onsdag og torsdag. Korpset har øvingar to gongar i veka: måndag og torsdag.

I tillegg arrangerer dei to øvingshelger, to musikkafeer, haustmesse og adventskafe.

2.3 Haddal IL

Nedanfor går det fram oppsatte treningstider i gymsalen.

Klokke	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
17:00 - 17:30				J-2016	
17:30 - 18:00		G-2019	G/J-2017	J-2015	
18:00 - 18:30	Korps	J-2019	G/J-2018	J-2014	
18:30 - 19:00		J-2011	G-2016	J-2013	
19:00 - 19:30		J-2012	G-2015	G-2011	
19:30 - 20:00					
20:00 - 20:30					
20:30 - 21:00	Oldboys				
21:00 - 21:30					
21:30 - 22:00					

3 Ulsteinvik barneskule

3.1. Barneskuleloftet

Nedanfor går det fram ei oversikt over aktivitetane som finn stad på barneskuleloftet ved Ulsteinvik barneskule:

TRENINGSTID BARNESKULELOFTET

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1700					
1730		Taekwondo		Taekwondo	
1800		.		.	
1830		.		.	
1900		.		.	
1930		.		.	
2000					
2030					
2100			.		.

- Ved utleige må treningstid vike, uansett dag.
- Tamilsk skule nyttar Barneskuleloftet laurdagar/søndagar.

Som det går fram av oversikta er det taekwondotreningar tysdagar og torsdagar frå kl 17:30 til 20:00. I tillegg nyttar Tamilsk skule loftet laurdagar og søndagar.

4 Hasund skule

Trass fleire førespurnadar til grendalaget på Hasund har ein ikkje lukkast å få tilbakemelding mht. aktivitetar og bruk av skulebygget.